



Norsk folkehjelp Sunnhordaland /Stord kommune
v/ Else Berit Støle

Dato: 13.05.2014
Vår ref.: 2014/12424-70
Saksbehandlar: ellsynn
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv 2014 – Vasstilvenningskurs Trygg i vatn

Vi viser til søknaden dykkar i tilskotsordninga Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv, sendt 03.03.14. Vi må diverre melde avslag på søknaden.

Vurderingsgrunnlag

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 900 000,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 37 søknadar innan fristen. Fordelinga er samordna med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv. Prosjektet Vasstilvenningskurs Trygg i vatn vart ikkje vurdert i denne omgang då søknaden kom etter fristen 15.02.14. Fristen var annonsert i utlysingsteksten.

Klage/innsyn i dokumenta

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for tilskotsordninga er Ellen Strøm Synnevåg, tlf 55378017, e-post Ellen.Strom.Synnevag@hfk.no. Ved spørsmål etter 15.07.14, ta kontakt med Anne Mette Nesje Porten, epost: Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no.

Vi ynskjer dykk lykke til vidare!

Bård Sandal
Regionaldirektør

Ellen Strøm Synnevåg
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.